

Innkalling

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Kommunestyresalen, Giske rådhus
Dato	09.02.2022
Tidspunkt	kl 13:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon **90741399**

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/22 Meldingar
- MS 01/22 Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
- MS 02/22 Orientering om fagkonferanse 2022 i regi av Forum for kontroll og tilsyn
- PS 03/22 Oppsummering frå interimrevisjon 2021 - Giske kommune
- PS 04/22 Forvaltningsrevisjon 2022 - Giske kommune
- PS 05/22 Årsmelding 2021 - Giske kontrollutval

Ålesund, 02.02.2022

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 01/22	Giske kontrollutval	09.02.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Giske kontrollutval - 09.11.2021

Møteprotokoll

Utval	Giske kontrollutval
Møtestad	Rådhuset Valderøya, kommunestyresalen
Dato	09.11.2021
Tidspunkt	kl 13:00 - 14:50

Frammøtte

Asbjørn Furnes
Dag Oksnes
Inger Johanne Sund
Sissel Anita Roald

Forfall

Herman Rørvik Blindheim

Varamedlem som møtte

Knut Støbakk

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunalsjef Eli Høydal og avdelingsleiar Robert Valderhaug på sak 19/21. Kommunedirektør Dag Olav Tennfjord var tilstades i heile møtet. Frå revisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Ingvild Bye Fuglsøy på sak 19/21. Oppdragsansvarleg revisor Katrin Haram og nestleiar MR revisjon Kurt Løvvoll deltok på heile møte. Frå kontrollutvalssekretariatet møtte rådgivarane Bjørn Tømmerdal og Solveig Kvamme.

Kommunedirektøren gav ei tilbakemelding på dei spørsmåla som kontrollutvalet hadde knytt til etterlevingskontrollen for 2020.

Leiar Dag Oksnes tok opp spørsmål om innteksskatt frå innleigd arbeidskraft, og om skatteinntektent går til kommunen dei arbeider i eller der vikarfirmaet har adresse. Sekretariatet orienterte om korleis ein kan fremme spørsmål om dette for ordførar som kan følge opp dette med skattemyndighetene.

Leiar Dag Oksnes tok og opp spørsmålet om korleis kommunen følgjer opp registrering av gåver til kommunen. Tidlegare kommunedirektør skulle følge opp dette via internkontrollarbeidet og kontrollutvalet ynskjer at ny kommunedirektør kan svare ut dette på eit seinare møte.

Dag Oksnes
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

PS 18/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
MS 01/21	Erklæring om revisor sin sjølvstende
PS 19/21	Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald av kommunale bygg
PS 20/21	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021
PS 21/21	Forenkla etterlevelseskontroll 2021
PS 22/21	Møteplan 2022 Giske kontrollutval

PS 18/21 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GPU - 18/21 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møtebok frå forrige møte slik den ligg føre.

MS 01/21 Erklæring om revisor sin sjølvstende

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GPU - 01/21 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 19/21 Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald av kommunale bygg

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet legg saken frem for Giske kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vedlikehald av kommunale bygg til vitande.

2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten. Spesielt gjeld dette behovet for ei langsiktig plan for vedlikehald.
3. Kommunestyret ber vidare kommunedirektøren sikre ansvarsforholdet knytt til ulike drift- og vedlikehaldsutgifter.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 19/21 vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet legg saken frem for Giske kommunestyre med følgande innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om vedlikehald av kommunale bygg til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten. Spesielt gjeld dette behovet for ei langsiktig plan for vedlikehald.
3. Kommunestyret ber vidare kommunedirektøren sikre ansvarsforholdet knytt til ulike drift- og vedlikehaldsutgifter.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

PS 20/21 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2021

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 20/21 vedtak

Giske kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2021 til vitande.

PS 21/21 Forenkla etterlevelseskontroll 2021

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2021 til vitande.

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 21/21 vedtak

Giske kontrollutval tek framlagte plan for etterlevelseskontroll 2021 til vitande.

PS 22/21 Møteplan 2022 Giske kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet i Giske kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2022:

onsdag 9. februar, onsdag 6. april, onsdag 25. mai, onsdag 31. august, onsdag 9. november

Giske kontrollutval 09.11.2021

Behandling

Votering: Samrøystes

GKU - 22/21 vedtak

Kontrollutvalet i Giske kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2022:

onsdag 9. februar, onsdag 6. april, onsdag 25. mai, onsdag 31. august, onsdag 9. november

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 02/22	Giske kontrollutval	09.02.2022

Meldingar

Underliggende saker

01/22	Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
02/22	Orientering om fagkonferanse 2022 i regi av Forum for kontroll og tilsyn

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 01/22 Giske kontrollutval

Møtedato
09.02.2022

Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ein velfungerande eigenkontroll styrkjer innbyggjarane sin tillit til kommunen og er viktig for å sikre effektiv og rett bruk av ressursane. Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret, kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både si eiga og kvarandre sine roller. Målet med kontrollutvalsboka er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og å medverke til eit godt samspel mellom dei ulike aktørane.

I kontrollutvalsboka gjer departementet greie for si generelle forståing av kommunelova og dei aktuelle forskriftene. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar når dei brukar lova, og for vedtaka sine.

Første utgåve av kontrollutvalsboka vart utarbeidd av Deloitte på oppdrag frå departementet. Når no kontrollutvalsboka kjem i tredje utgåve, så er denne oppdatert av departementet i samarbeid med FKT - Forum for kontroll og tilsyn og NKRF- kontroll og revisjon i kommunene. Den nye kommunelova med forskrifter er innarbeidd i den nye utgåva. Nokre andre oppdateringar er gjorde.

Førebels finn ein boka kun som eit elektronisk dokument på: Kontrollutvalsboka - regjeringa.no

Når boka kjem som trykt eksemplar litt utpå nyåret 2022 vil medlemmane i kontrollutvala få ho utdelt.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/22	Giske kontrollutval	09.02.2022

Orientering om fagkonferanse 2022 i regi av Forum for kontroll og tilsyn

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Forum for kontroll og tilsyn arrangerer sin årelege fagkonferanse i 8. og 9. juni 2022. Førebels informasjon om denne finn de her: Fagkonferansen 8.-9. juni 2022 - Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no)

På neste møte i Giske kontrollutval må utvalet ta stilling til om dette er av interesse for utvalet å delta på, og om heile eller deler av utvalet i så fall skal delta.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 03/22 Giske kontrollutval

Møtedato
09.02.2022

Oppsummering frå interimrevisjon 2021 - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport frå interimrevisjon 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap, også den konsoliderte årsrekneskapen, og dessutan årsrekneskapen i kommunale føretak og lånefond. Årsrekneskapane skal reviderast før dei blir lagde fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen vil også oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, til dømes meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåvene til kommunen.

Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresettt gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område. Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.

Vurdering:

Målet er at revisor gjev ei oppsummering som kan gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at utvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt. Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad at dei fører til eventuelle endringar for planen for revisjon av årsrekneskapen for 2021.

Vedlegg

Rapport frå interimsrevisjon 2021 Giske kommune

Rapport etter interim 2021

GISKE KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 09.02.2022

Faser i regnskapsrevisjon

2

- **Planlegging**

Foreløpig risikovurdering og identifisering av fokusområde
Gjennomgang av og legge opp tidsplan for revisjon og rapportering
Fastsette revisjonsplan for fokusområdene
Presentasjon av revisjonsplan for administrasjonen og kontrollutvalg

- **Etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Risiko- og vesentlighetsvurdering legges fram for kontrollutvalget 9. november

- **Interimsrevisjon – fra oktober**

Foreløpig analyse av kommunens regnskap
Møte med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger
Revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for identifiserte fokusområder
Test av relevante kontroller (herunder generelle IT-kontroller)
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger (fokus på transaksjonsklasser)
Møte med administrasjonen og kontrollutvalg, oppsummering interimsrevisjon – møte i januar

- **Årsoppgjørrevisjon**

Ferdigstille eventuelle åpne spørsmål identifisert under interimsrevisjonen
Påse at det ikke foreligger endringer i kommunens intern kontroll, der hvor disse er relevante for revisjonen
Gjennomføre øvrige relevante revisjonshandlinger, herunder avstemming av vesentlige og risikoutsatte balanseposter
Avsluttende analyse av kommunens finansielle rapportering
Foreløpig rapportering til ledelsen og kontrollutvalg

- **Revisjon av årsregnskapet**

Gjennomgang av regnskap og noter
Gjennomgang av årsmelding
Rapportering til ledelsen og gjennomgang med sekretariatet
Møte med kontrollutvalg

- **Kommunikasjon**

PBC-lister (årsoppgjør) / oversikt avtaler (interim)
MRR-dagen og/eller Webinar
Revisjonsberetning og revisjonsrapporter
Møter med kontrollutvalg
Løpende uformell kommunikasjon ved behov

Identifiserte risikoer etter revisjon 2020

- ▶ Periodisering variabel lønn desember
- ▶ Nummering av noter og henvis henvisninger fra regnskapsposter i regnskapsoppstillingene.
- ▶ ROBEK
- ▶ Økonomi (lite handlingsrom gir økt risiko for feil)
- ▶ IT sikkerhet
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko)
- ▶ Kontrollmiljø momskompensasjon (generell risiko)

Anslått risiko etter interim

Prosesser	Foreløpig anslått risiko for vesentlig feil informasjon	
Regnskapsrapportering		Middels
Overføringsområdet		Lav
Lønnsområdet		Lav/ Middels
Innkjøpsområdet		Middels
Driftsmiddelområdet		Middels
Finansområdet		Middels
Salgsområdet		Lav

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Middels anslått risiko

Revisjonshandlingene på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Test av ledelseskontroller

Økonomisjefen har rapportert per tertial både på regnskap og finans. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold.

Kartlegging generell IT kontroller – ny gjennomgang

Gjennomført tilgangskontroll – kontrollert at de som har sluttet har fått deaktivert bruker. Kartlegging og testing har gitt enkelte avvik. Vi har fått avklart disse med kommunen.

Revisjonstilnærming - overføringsområdet

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv)	Lav anslått risiko Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan totalavstemmes mot ekstern dokumentasjon. Eiendomsskatt kontrolleres analytisk mot årets forventning, tidligere års regnskap og årets budsjett. Interimsrevisjon av overføringsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse – sammenligningsanalyse, budsjett/vedtak og fjoråret - Kontroll av attestasjon og anvisning bygger på test av kontroll som gjøres på innkjøp/kostnadsområdet. Øvrige kontroller på området gjennomføres mest effektivt i årsoppgjøret.

Revisjonstilnærming - lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Lav anslått risiko

Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner.

Interimsrevisjon av lønnsområdet:

- Rutinegjennomgang
- Analyse
- Test av kontroller – attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger.
- Etterkontrollerte lønningslister

Det foretas også avstemming av lønn og regnskap gjennom året.

Vår test av kontroll på attestasjon og anvisning av fastlønn samt test av etterkontrollerte lønningslister blir gjennomført i februar 2022.

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps / kostnadsområde	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal)	Lav/middels anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: - Rutinegjennomgang - Analyse - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning Ved vår bilagskontroll i forbindelse med kommunens søknad om momskompensasjon, har vi kontrollert at bilag blir attestert og anvist av to ulike personer. Vi har ikke avdekket noen avvik her. Vår kontroll av attestasjon og anvisning blir også delvis dekket ved test av generelle IT-kontroller.

Revisjonstilnærming – driftsmidler/ investeringsområdet

Driftsmidler / investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering	Middels anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. <u>Test av kontroller (interim):</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning -Se kommentarer innkjøp • Vi har også etterspurt kommunens vurderinger av egne investeringer for 2021 med tanke på KRS 4 og skille drift og investering. Vi har ikke mottatt tilbakemelding fra kommunen på rapporteringstidspunktet.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Middels anslått risiko

Finansområdet er sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.

Interimsrevisjon av finansområdet:

- Rutinegjennomgang

Revisjons handlinger på området blir gjennomført ved årsoppgjørrevisjon.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler


Kontrollene gjennomføres i all hovedsak som substans i årsoppgjøret

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester) Status etter interim
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Selvkostområdet • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift	Lav anslått risiko Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Presumpsjon tilknyttet mislighetsrisiko tilbakevises Interimsrevisjon av salgsområdet: - Rutinekartlegging - Analyse Balansepostene vurderes i årsoppgjøret.

Avslutning

- ▶ Vi har gjennom høsten hatt god dialog med administrasjonen. Vi opplever at det er fokus på utvikling av rutiner for å bidra til god økonomistyring og rapportering.
- ▶ Vi har løpende dialog mellom oss og Giske kommune hvor vi diskuterer aktuelle problemstillinger knyttet til avleggelse av årsregnskap og årsberetning.



“

Vi vil bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 04/22	Giske kontrollutval	09.02.2022

Forvaltningsrevisjon 2022 - Giske kommune

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa.

Skissa må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, overslag på bruk av ressursar og framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at skissa vert lagt fram i kontrollutvalet sitt neste møte 6.april 2022.

Bakgrunn:

Giske kommunestyre har i sak 74/20 møtet 29.10.2020 vedtatt kontrollutvalet sitt forslag til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgande prioriterte fokusområde:

1. Ressursbruk i grunnskuleopplæringa
2. Rutinar for offentleg innkjøp
3. System for planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar

Kontrollutvalet fekk mynde til å foreta endringar av planen i perioden, og det gjorde Giske kontrollutval i sitt møte 09.02.2021. I sak 03/21 vart det vedteke å prioritere forvaltningsrevisjon innan planmessig vedlikehald av kommunale eigedomar først. Rapporten frå denne forvaltningsrevisjonen vart ferdigstilt og lagt fram for kontorllutvalet hausten 2021.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Vurdering:

Kontrollutvalet må drøfte om det er ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll dei vil gjennomføre i 2022, ut frå dei ressursar dei har tilgjengeleg. I Giske kontrollutval si budsjettramme som er vedteken av kommunestyret, så er det sett av ressursar til enten ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll i 2022.

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet (kommunelova § 23-4), og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll. Sekretariatet tilrår at ein eigarskapskontroll vert lagt til første halvår av 2023 og at ein tek ein forvaltningsrevisjon i 2022. Dette fordi Giske kommune har ei relativ begrensa portefølgje av selskap dei eig, og at ein forvaltningsrevisjon nok vil ha større interesse og verdi for kommunestyret sin eigenkontroll i dette arbeidsåret.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon så er det er ressursbruk innan grunnskuleopplæringa som står øverst på prioriteringslista i vedteken plan for forvaltningsrevisjon Giske kommune. Kontrollutvalet bør drøfte om dei ynskjer at ein følg prioriteringa i planen eller om risikobiletet har endra seg slik at ein bør prioritere annleis.

Ein skisse til prosjektplan bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk. Det er revisjonen som gjennomfører forvaltningsrevisjonen og dermed utarbeider ei skisse til prosjektplan. Sekretariatet bestiller dette oppdraget hjå Møre og Romsdal revisjon SA på vegne av kontrollutvalet.

Skissa til prosjektplan for forvaltningsrevisjonen vert planlagt lagt fram til drøfting i kontrollutvalet på neste møte som er 6. april, slik at ein kan sikre at kontrollutval og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor er einige om problemstillingane og prosjektplanen. Om ein tek som utgangspunkt at det er ein forvaltningsrevisjon på ressursbruk i grunnskuleopplæringa som står for tur så vil det vere særst nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet allereie no kjem med nokre innspel.

I risiko- og vesentlegvurderinga som vart gjennomført i 2020 (kontrollutvalet sak 15/20) finn ein på s. 26 at det vert peika på nokre risikofaktorar knytt til grunnskuleopplæringa. (Illustrasjonen under er tatt frå dette dokumentet)

RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Skulane held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019, og knappe økonomiske rammer	Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande, Spesialundervisning/tilret telagt opplæring eller PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Det har ikkje blitt utarbeidd tilstandsrapport på ei stund. Elevundersøkingar blir gjennomført. Resultat om lag på snitt. PPT når ikkje fristmål. Omfanget av spesialundervisning er høgt, og har vore høgt over tid.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	H	
Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tilfredsstillande	Alle skulane har tilbod om SFO.	SFO-tilbodet er ikkje i samsvar med den betaling som blir kravd.	L	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	God informasjon på heimesidene. Styrka budsjett.	Svak utnytting av den enkelte sine evner og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

Ut frå denne vurderinga er der moment som har verdi for bestillinga, men kontrollutvalet bør drøfte og prioritere/velgje ut kva vinkling utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal dreie seg om. Og minne seg sjølv på kva ein meiner vil ha størst verdi for kommunestyret.

Nokre moment som kanskje kan vere nyttige i drøftinga?

- økonomisk ramme i grunnskuleopplæringa
- ressursbruk knytt til grunnskuleopplæringa i Giske samanlikna med andre kommunar
- lærarnorm og kompetanserkrav
- tilpassa opplæring gjennom ordinær undervisnin
- tilpassa opplæring gjennom vedtak og tenester frå PP-tenesta
- samarbeid mellom skule og PP-tenesta
- læringsutbyttet for elevane

I denne bestillerfasen av forvaltningsrevisjonen er det ganske ope og det er her kontrollutvalet legg premissane og retninga for prosjektet forvaltningsrevisjon innan ressursbruk i grunnskuleopplæringa Giske kommune.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 05/22 Giske kontrollutval

Møtedato
09.02.2022

Årsmelding 2021 - Giske kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Giske kontrollutval vedtek si årsmelding for 2021 slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til Giske kommunestyre som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2021 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og utvalet vert oppmoda om å kome med innspel i møtet til det utkastet som ligg til grunn. Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2021.


Vedlegg

Årsmelding 2021 Giske kontrollutval

Årsmelding 2021 Giske kontrollutval

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Giske kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

- Dag Oksnes – leiar
- Asbjørn Furnes – nestleiar
- Herman Rørvik Blindheim – medlem
- Sissel Anita Roald – medlem
- Inger Johanne Sund - medlem

Om revisjonen

Giske kommune nyttar Møre og Romsdal revisjon SA som revisor.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller forskrift. Til dømes skal rekneskapsrevisor gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og revisor skal kontrollere

grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor gjev og ei rekke attestasjonar og fråsegn til mellom anna ulike statlege styresmakter.

I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale, slik som risiko- og vesentlegvurderingar i samband med utarbeiding av planar og ulike former for undersøkingar.


Oppdragsansvarleg revisor har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Om sekretariatstenesta

Giske kommune eig Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med kommunane Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven og Ålesund. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen.

For at kontrollutvalet skal fylle kontrollfunksjonen sin er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelparen og støttespelaren til kontrollutvalet, og skal sikre at saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og førebudde, og at vedtak vert følgt opp.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

Kontrollutvalet sin aktivitet i 2021:

Giske kontrollutval har i 2021 (2020) hatt 5 (5) møter. Eit av møta vart halde som fjernmøte, på grunn av gjeldande restriksjonar knytt til pandemien. Dei 4 andre møta er avvikla som ordinære møter.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet.

Innkalling/saksdokument og møteprotokoll blir sendt til medlemmane i utvalet med kopi til ordførar v/ politisk sekretariat, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside www.kontrollutval.no/giske og er der tilgjengeleg for alle.

Nytt av året er at det no er lagt inn lenke frå politisk møtekalender på Giske kommune si heimeside, slik at folk flest kan finne kontrollutvalet sine dokument der dei elles finn dokument til andre folkevalde organ.


Giske kontrollutval har i 2021 (2020) behandla 22 (23) saker. Møteprotokollen vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Ved enkelte saker har leiar eller nestleiar i kontrollutvalet fått høve til å orientere i kommunestyremøtet om kontrollutvalet si tilråding.

Dei saker der kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Økonomi og revisjon:

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er som oftast til stades på kontrollutvala sine møter for å ivareta god dialog med utvalet.



Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen sine rekneskap for 2020. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor. Kontrollutvalet tilrådte at rekneskap og årsmelding for kommunen vart godkjent.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding har kommunestyret vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023. Kontrollutvalet valde å endre rekkefølga på dei planlagde revisjonane og vedtok å sette i gang ein forvaltningsrevisjon innan planmessig vedlikehald av kommunale eigedomar. Utvalet ville vente forvaltningsrevisjon om ressursbruk i grunnskulen til skulestrukturen var kome på plass.

Rapporten frå forvaltningsrevisjon innan planmessig vedlikehald av kommunale eigedomar vart levert kontrollutvalet i november.

Formålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Giske kommune har tilfredsstillande system og rutinar for vedlikehald av sine bygg

Kontrollutvalet gav si tilråding til kommunestyret som fatta vedtak 09.12.2021 i sak 103/21. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding med følgjande tillegg: *Giske kommunestyre ber om at det også vert aktivt vurdert alternative eige- og driftsformer av kommunal eigedom.*

Kontrollutvalet vil følgje opp vedtaket gjennom 2022, og vil etter kvart invitere kommunedirektøren til å gje informasjon om status på tilrådingane.

Når det gjeld eigarskapskontroll så er det ikkje gjennomført i 2021, men kontrollutvalet vil sjå nærare på dette i slutten av denne perioden.

Andre saker:

Kontrollutvalet har til nokre av møta invitert kommunedirektøren for å gje utvalet informasjon om ulike tema. I 2021 har dette vore orientering etter statleg tilsyn i barnevernet, internkontroll med vekt på nytt internkontrollsystem, rutiner for korleis kommunen tek i mot og svarer ut førespurnader frå innbyggjarane, og vederlag for langtidsopphald i institusjonane.

Noko av det kontrollutvalet har vurdert dette året er prosess kring skulestruktur, kommunen si handsaming av ein konkret innbyggjar sin kontakt med kommunen, inntektsskatt frå innleigd arbeidskraft og stilt spørsmål om korleis kommunen registrerer gåver.

Når kontrollutvalet mottek ein førespurnad frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre førespurnader er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om ein vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at det førespurnaden gjeld ikkje høyrer inn under kontrollutvalet sine oppgåver, vil sekretariatet så langt som mogeleg rettleie innbyggjaren til rett instans.

Det har alltid vore lagt vekt på at kontrollutvalet held seg oppdatert om informasjon og fagutvikling som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Diverre vart det i 2021 ikkje halde dei vanlege fagkonferansane for kontrollutvala grunna pandemisituasjonen, men nokre av dei vart gjennomført som digitale tilbod.

Lokalt tok kontrollutvalsekretariatet initiativ til ei ettermiddagssamling for leiarane i dei seks kontrollutvala som nyttar dette sekretariatet. Fagutvikling, nettverksbygging og erfaringsutveksling var hovudfokus på samlinga, og initiativet vart tatt godt i mot av leiarane.

Takk

Giske kontrollutval takkar kommunestyret for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Giske 09.02.2022

Giske kontrollutval ved:

Dag Oksnes (leiar), Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Inger Johanne Sund.